

Notat

Til: Samferdselsutvalet
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/392-1

Dato
07.01.2014

Sikring av Askøybrua

Det vert vist til spørsmål frå representanten Aud Karin Oen om finansiering av utgreiingsarbeid knytt til etablering av fysiske sikringstiltak på Askøybrua. Spørsmålet er basert på melding 208/13 (fylkesutvalet 25.09.13) og munnleg svar frå fylkesordføraren 21. november 2013.

Etablering av fysisk sikring på Askøybrua vil som kjent føre til auka vindbelasting på bruа. Det er derfor behov for vindtunneltestar, noko som er kostnadsrekna til 1 – 2 mill kr. Statens vegvesen Region vest har i samarbeid med Vegdirektoratet teke initiativ til utgreiing av vindbelastinga, og fylkesrådmannen vil sjå til at utgreiinga vert gjennomført.

I forslaget til plan- og byggeprogram for fylkesvegane 2014 er det, som vist til tidlegare, ikkje sett av planmidlar til utgreiing/ vindtunneltestar i samband med den fysiske sikringa. Det vert i staden vist til at desse midlane, saman med andre budsjettjusteringar, kan fordelast i samband med budsjettendring i marstringet. Fylkesrådmannen vil då kome attende med forslag til løyving til dette prosjektet.